

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elvenom.

Emne: Lyngginging og mosing

Bygdelag: Bjølsetgrenda.

Oppskr. av: Olav Furnuset

Gard: Bjølsetlarergard.

(adresse): Jomna st.

G.nr. 1. Br.nr. 16-18.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Baro delvis.*B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
*Olav Sandaker, småboken 59 år. Sandaker i Bjølset.*

1.) Lyng sankes ikke lenger til for. Det var  
stutt med det for ein 70 år siden. Men da  
og nytta dei lyngen bene som nødfor.

2.) Dei sankte lyngen om våren og det  
arbeidet kalte dei lyngskjering.

3.) Når dei tok lyng nytta dei vanleg gjå  
med langorv.

4.) Både karene og kvinnfolk tok del i dette  
arbeide.

5.) Det kan ikkje forteljes næe om kor  
ofte lyngen kunne slås. Dei brukte han  
som naudfor i vårknipa og årvistvar  
det ikkje.

Olaf Karlstad, 81 år i 1948, hadde vorimed  
og sank på lyngskjering på Nyborg i Bjølset-  
grenda. Dei tok ein 4-5 lass somme våren  
på Karlstad. Det ~~var~~<sup>er</sup> ein liten gard, som  
full fødde 2 kyr, den gonga.

Men sjøl på Bjølset, som var ein stor  
gard å rekna for, tok dei rysleng av og  
til. Dei hadde ein ryslengrabbe ved huset

2  
der dei skar rysleng til kuen om våren.

6) Lyngen frakte dei heim på slede eller kjere og mange var det som bar han heim på ryggen.

7) Lyngen la dei i hang ved fjøset. Ellers var det slik at dei fleste tok ikkje meir enn dei fora opp etter kvart.

8) Lyng ga dei både til småfe og storfe. Flett blanda saman med anna for.

9) Dei heldt ryslengen for eit dårleg for, dei fleste.

Emilie Torisen fortalde at dei skar blåbar lyng så snart han tok til å spretta om våren. Det var ikkje dårleg for heller det, sa ho. Dette var i åra mellom 1885-90, meinte ho.

Så snart snøen gjekk om våren hakka vi kråkbarlyng og ga dyra, sa ho Emilie. (*Empetrum nigrum*). Men eg hugsar ikkje om ho sa dei heldt det for å vera godt for.

B. Lyng som beite.

1) Så snart det vart barflekken om våren dreiv dei sau og gjeit ut på lyngbeite. Han Per Kristiansen Löberg hadde tala om han gjette sau på Engberget og sett på folk som reiste på Grundsetmarknaden (første tirsdagen i mars).

2) Det var vanleg ein slapp ut sau og

gjett så tidleg kvart år i fortida. (For 1890)

4) Dei rekna byngen for å vera eit heller magert beitegras for. Når kernesingane skulle arte heradsbygdingane sa dei "Når rystlyngen tar til å blomme får heradsingen smør og rømme." Med det meinte dei vel at det fantes inga bedre beiteplank enn rystlyng i Heradsbygga. Rystlyng var nær av det dårlegaste dei viste om i Hernes.

Han Olaf Karstad kunne fortelja at dei rekne med mjølka minke når kuen tok til å eta blåbærvis med bar, på som ettersumaren.

## II Måsing.

1) Dei sankt gjerne litt mäså kvart år Men her i Bjørsetgrunda slutta dei med det etter fyrste krigen (1920). I Håberget og andre stader i Austre Elverom sankt dei mäså som årvisst kufør

2) Her i Heradsbygda brukte dei helst mäså som atåtfor i vårknipa.

I austre Elverom, serleg Håberget og Flisberget og Orbekkedalen, sankt ein mäså til bruk for heile vinteren.

3) Når ein skal plukke mäså skal det helst vera regn, eller fuktig haustvær.

4) Både karer og kvinnfolk plukka mäså. Eg var karer i Håberget i Elverom vinteren 1947-48. I oktober, mellom 15. og 25.

plukka to vaksne kvinner mäså kvar dag. Dei kunne grue ein 4-5 lass om dagen. Dei plukka ikkje mäsån lenger unda heime en dei gikk heim på ein halvtime.

Dei som plukker mäså i Bjørsetgrenda plukka som oftast ikkje meir om gongen enn dei bar han heim med det same.

5) Her i Elverom sanko dei stött mäsån med hendene. Brukte ein reidskap fylgde det for mye rust med.


6) I Bjørsetgrenda brukte dei å bera mäsån heim med det same. Dei bar han i sekk eller korgemais.

Under siste verdenskrigen (1940-45) vart det samla ein del reinsdyrlev (kvitmäså sein dei her) på ein furumo under Øttberget i Bjørsetgrenda. Den kjørte dei heim med grindkjere eller bar heim i sekke og korgemais.

I Håberget i austre Elverom la dei mäsån opp i hanger og kjørte han heim vinterstid.

7). I Håberget lagde dei opp mäsån i hanger som tek eit lass. Dei la han på eit underlag av av bjørk og fururair og bar.

Under den ene raia og oppå den andre stikker dei ei tude raie, slik som tevinga viser. Når lasset skal på sleden tek ein i denne raia og løfter ho opp og velter på det viset den samanklaka mäsåklumpen på



5  
Dei ber mäsän til hangen i sekken og flette korgemeiser. Eg tur det gjekk ein 8 eller 10 slike meiser i hangen. (lasset).

Ofte la dei tyrirotter eller vedkabber oppå hangen når dei var ferdig med han. Tyri er godt å ha, samstundes som det gjorde sitt til at hangane ikkje bles ned.

Dei tråka ikkje mäsahangane, berre klemt han lett ihoj med handa. Det var ikkje turvande å legge næ mundt laset for ein gjyrdad.

8) Ein passer på å kjöre dei friske klumpane til störe veggen, for det kjem for mykje snø.

9) Näen fellekjöring av mäsä blir det ikkje tale om.

10) Mäsän legg dei inn i eit skjöl til han skal brukast.

11) Det var kua som fekk (og får) mäsän. Dei gae mäsän for seg sjöl i Kläberget säg eg. Dei kōkte han i lägganna först. Da vart det mest av jord, barnåker og anna rask at i panna, eller også vart det så mjukt at det var lett å eta, sa dei.

12) Dei rekna kvitmäsän for eit godt for. Dei vil ha det for at han gjev feit mjölk. Lä sein gamle buderer i Björsetgrenda.

Arnen mose.

1) Brödmäsä (Fslundalar) er det enno vanlig

6  
å plukke til grisefor. Nå koker dei han  
saman med poteter eller ymse grønt, og  
jevnet på med mjøl til ein tjukk grant.  
I siste verds. krigen var det fal rift etter  
brødmåsa. Dei fortel at folk kom heilt  
frå Hamar til moane rundt Elverum  
og plukka brødmåsa til grisefor.

2) Olaf Karlstad tala om at dei plukka  
skjeggelar av grana til gjeita vinterstid,  
da han var ein smågutt. Han er nå  
81 år gamal.

1853

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING